



UNIVERSITETET I BERGEN

Kultur- og kirkedepartementet  
Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

Kultur- og kirkedep.

30. APR. 2007

2006/6573-127

Deres ref  
2006/6573/KU/KU2 NBA:amb

Vår ref  
2007/1687 - LEE

Dato  
20.04.2007

## Høringsbrev - "Bibliotekreform 2014"

Vi viser til brev fra Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kirkedepartementet 5.01.07 hvor utredningen "Bibliotekreform 2014" sendes på høring.

Universitetet i Bergen har hatt saken på høring ved Universitetsbiblioteket som har gitt uttalelse datert 12.04.07. Uttalelsen vedlegges, og Universitetet i Bergen har ingen kommentarer ut over dette.

Med vennlig hilsen

Kari Tove Elvbakken  
universitetsdirektør

Lene Eltvik  
rådgiver

Vedlegg: Høringsuttalelse fra Universitetsbiblioteket

Kopi Kunnskapsdepartementet

m/ vedlegg:

Kopi Universitetsbiblioteket

u/ vedlegg:

Telefon 55 58 00 00  
[postmottak@uib.no](mailto:postmottak@uib.no)  
Internett [www.uib.no](http://www.uib.no)  
Org no. 874 789 542

Universitetsdirektørens kontor  
Telefon: 55 58 20 01  
Telefaks: 55 58 96 43

Postadresse  
Postboks 7800  
5020 Bergen

Besøksadresse  
Muséplass 1  
Bergen



Universitetet i Bergen  
Kollegiesekretariatet

Bergen, 12. april 2007  
Sak nr. 07/1687/008

## Bibliotekreform 2014 – Høyringsfråsegn

Vi viser til høyringsbrev av 24. januar 2007 frå Kollegiesekretariatet om utgreiinga Bibliotekreform 2014. Universitetsbiblioteket (UB) i Bergen har følgjande kommentarar til utgreiinga:

### **Generelle kommentarar**

UB meiner at utgreiinga gir eit godt og dekkande bilete av biblioteksektoren i Noreg. Bak det omfattande bakgrunnsdokumentet, *Del II Norgesbiblioteket – nettverk for kunnskap og kultur*, ligg eit solid analyse- og kartleggingsarbeid. Denne delen er blitt ei grunnleggjande innføring i det norske biblioteklandskapet slik det framstår per dags dato. Reformforslaget inneber at det i større monn skal leggjast til rette for at alle har lik tilgang til kunnskap og informasjon. Dette er ein viktig føresetnad for å kunna delta i den opne og opplyste offentlege samtalen, som den nye paragraf 100 i Grunnlova legg opp til. Såleis inneber reforma etter vår meining, også ei styrking av demokratiske verdiar og bibliotek som demokratiske ressursar og fellesgode.

UB støttar i hovudsak måla for biblioteksektoren 2008-2014 slik dei er uttrykte i strategidokumentet *Del I Strategier og tiltak*:

- utvikle og tilby digitalt innhold og nettbaserte tjenester
- fremme bibliotekene som ressurser for læring og kultur- og litteraturformidling
- gjennomføre en reform av bibliotekstrukturen
- styrke og fornye kompetansen i biblioteksektoren

Men vi kan ikkje ta stilling til ei ny felles biblioteklov utan å vite noko om innhaldet.

UB støttar eit norsk digitalt bibliotek. Og i denne samanhengen er både dokument som er fødde digitalt, digitalisering av materiale eigd av både Nasjonalbiblioteket og andre, og elektronisk tilgjengelige katalogar over samlingar, like viktige.

Når det gjeld konsolidering innan folkebiblioteksektoren, er vi usikre på om samanslåing vil være den beste modellen.

Vi har i resten av høyringsfråsegna valt å kommentera tiltak som særleg har med biblioteka i UH-sektoren å gjera:

## 1.1 Tilby digitalt innhold og nettbaserte tjenester

**Tiltak:** *Etablere en ABM-portal som felles inngang til nettbaserte kultur- og kunnskapsressurser.*

**Kommentar:**

Ein ABM-portal kan vera ein måte å løysa ein slik felles inngang på, men slett ikkje den einaste løysinga. Like viktig, slik vi ser det, er det at det blir arbeidd aktivt overfor innhaldsleverandørar og tenesteytarar, både innafor ABM-sektoren og elles, for å sikra at metadata også blir søkbare ved hjelp av generelle søkemotorar på internett. På den måten blir ressursane tilgjengelege via eit breitt spekter av søketenester.

Utfordringane for å realisera ein felles ABM-portal er mange, både organisatoriske, juridiske, økonomiske, og ikkje minst tekniske, særleg dersom ein tenkjer seg eit fellessøk/samsøk. UB vil sterkt understreka at det tidleg må setjast inn ressursar for å utgreia dei tekniske utfordringane ei felles søketeneste vil krevja, men er i dag i tvil om dette vil la seg gjennomføra på ein kost-effektiv måte.

**Tiltak:** *Iverksette programmet Norsk digitalt bibliotek.*

**Kommentar:**

UB støttar ei iverksetting av programmet Norsk digitalt bibliotek. Vi vil særleg peika på følgjande viktige forhold:

Dei aller fleste bibliotek har i dag katalogen sin elektronisk tilgjengeleg på nettet. Målet må vera ikkje noko mindre enn eit bibliotek.no, på linje med det vi finn i våre naboland, jf. bibliotek.dk og bibliotek.se. Men det finst framleis bibliotek med viktige spesialsamlingar som ikkje kan nåast via katalogar på nettet. UB ser det som svært viktig at det blir sett inn ressursar for å betra på denne situasjonen. Vi meiner at offentlege og offentleg støtta bibliotek må gjera alle samlingane sine tilgjengelege og synlege på nettet.

Vi registrerer at innsatsprogrammet Norsk digitalt bibliotek i fase 1 har arbeidd med felles standardar og format for å få ulike system til å kommunisera. UB ser det som særskilt viktig at innsatsen på dette omådet blir trappa opp.

**Tiltak:** *Gi tilgang til sentrale kunnskapskilder gjennom lisenser og andre vederlagsordningar.*

**Kommentar:**

Vi reknar med, ut frå forslaget til løyvingar, at tiltaket berre gjeld norske utgjevingar. UB støttar tiltaket. Det vil i større grad sikra fri tilgang for alle som bur i landet og vera med på å realisera regjeringa sitt mål om å styrkja Noreg som kunnskapsnasjon.

Fag- og forskingsbibliotek har lenge tilbydd elektroniske tidsskrift, e-bøker og databasar til eigne tilsette og studentar. Andre kan òg få tilgang til dette materialet ved å oppsøkje biblioteket fysisk eller ved bestilling. Forskingsinstitusjonane sin innkjøpspolitikk går i retning av at ein skal tilby stadig meir av dette, men auka utgifter har ført til stor belastning på biblioteka sine budsjett, noko som i sin tur har gjort at dei må vera restriktive med innkjøp. Dermed blir forskingsresultat publisert i desse kanalane ikkje tilgjengelege i same grad for alle. Særleg små institusjonar merkar dette. Avtalane med leverandørane set også ofte restriksjonar på fjernlån, og folk flest har dermed ikkje tilgang i same grad som tilsette og studentar ved institusjonane. UB støttar tiltak som gjer slikt materiale meir tilgjengeleg.

I 2001 blei det innført meirverdiavgift på digitale tenester. Dette medførte ein dramatisk auke i utgiftene til elektroniske ressursar utan at det er blitt kompensert på nokon måte frå løyvarane si side. UB tilrår å arbeida for at digitale publikasjonar ikkje lenger blir rekna som meirverdiavgiftspliktig teneste.

## 1.2 Digitalisere viktige innholdsressurser

**Tiltak:** *Etablere et program for digitalisering av materiale i arkiv, bibliotek og museer.*

**Kommentar:**

Vårt inntrykk er at reformframlegget har eit sterkt fokus på digitalisering i alle ABM-sektorane. I dagens samfunn blir størstedelen av alle publikasjonar og dokument som blir laga, fødte digitale. Det er viktig at løyvingar til digitaliseringsprosjekt også blir følgde opp med strategiar for bevaring av slikt materiale. Dersom strategiar for å ivareta desse ikkje kjem på plass, risikerer ein hol i kunnskapsarven.

Det er mange viktige unike samlingar i ABM-institusjonar i Noreg, også utanom Nasjonalbiblioteket. Derfor er det viktig, i ein nasjonal plan, at det i programmet også er frie prosjektmidlar til digitalisering av desse samlingane.

## 1.3 Utvikle nye digitale tenester

UB ser det som nødvendig at heile biblioteksektoren tar del i utviklinga og følgjer opp utvikling av nye digitale tenester i samfunnet. Vi støttar derfor tiltaket.

## 1.4 Videreutvikle biblioteket som læringsarena og læringsressurs

**Tiltak:** *Etablere et fast samarbeid mellom bibliotekmyndighetene og utdanningsmyndighetene på nasjonalt nivå.*

**Kommentar:**

UB ser det som svært viktig at det blir etablert eit fast samarbeid mellom bibliotekstyresmaktene og utdanningsstyresmaktene på nasjonalt nivå. Bibliotek må ikkje berre sjåast på som eit kulturelt spørsmål. Utdanningsstyresmaktene må i større grad ta ansvar for biblioteka som viktige læringsarenaer. Dette gjeld både biblioteka i UH-sektoren og folkebiblioteka. Biblioteka representerer store ressursar både når det gjeld innhald, tenester og kompetanse som på ein betre måte bør koma heile folket til nytte på alle stadium i utdanningsløpet. Slik vi ser det, kan dette berre skje ved at utdanningsstyresmaktene tek større ansvar for at biblioteka blir sett på som viktige ressursar i utdanninga i heile livsløpet.

**Tiltak:** *Utvikle verktøy og metoder for opplæring i informasjonskompetanse*

**Kommentar:**

Det er gledeleg at utgreiinga peikar på den store innsatsen mange bibliotek innan UH-sektoren allereie har lagt ned for å utvikla verktøy og metodar for opplæring i informasjonskompetanse. UB støttar tiltaket om å utvikla desse verktøya vidare. For å nå målet i Kunnskapsløftet om digital kompetanse er det no viktig at utdanningsstyresmaktene tar tak i dette i samarbeid med bibliotekstyresmaktene. Utdanningsstyresmaktene må gjerast kjent med den kompetansen biblioteksektoren sit inne med slik at ein i samarbeid kan utvikla verktøya vidare.

**Tiltak:** *Utvikle tilgang til vitenskapelig informasjon produsert ved universitet og høyskoler gjennom åpne digitale løsninger.*

**Kommentar:**

Som nemnt i utgreiinga, har mange bibliotek i UH-sektoren vore pådrivarar for å etablere opne institusjonelle arkiv. Samstundes med at mange institusjonar arbeider lokalt, er det viktig å framheva prosjektet NORA (Norwegian Open Research Archives), som arbeider med desse problemstillingane på nasjonalt nivå. Prosjektet har representantar frå fire universitet, fem

høgskular, samt ABM, BIBSYS og Nasjonalbiblioteket. Det har definert nasjonale standardar for metadatabeskrivelse, utvikla ei felles nasjonal søketeneste - NORA - i tillegg til at ein har drive informasjonsarbeid om både opne institusjonsarkiv og "open access". Nasjonalbiblioteket blir ein viktig aktør i dette arbeidet framover og har forplikta seg til å drifta felles URN-tenester og sjå på avlevering og tilrettelegging av langtidslagring for dei lokale arkiva.

Etter UB si meining må NORA, mellom anna gjennom løyvingar frå departementet, godkjennast som nasjonal instans for koordinering av arbeidet med opne arkiv, både i forhold til fagleg utvikling og i forhold til vidare utvikling av søketenesta.

Vidare bør det arbeidast sentralt for å få til obligatorisk eigenarkivering av publiserte forskingsresultat i Noreg, anten på institusjonsnivå, eller nasjonalt. UB meiner at tilsette i offentlege eller offentleg støtta institusjonar bør forplikta seg til å publisera i opne arkiv eller tidsskrift og stilla materialet sitt gratis tilgjengeleg for ålmenta. Det er også viktig at eigenarkivering eller publisering i opne tidsskrift blir oppvurdert i vitskapleg samanheng og tel med som grunnlag for løyvingar til forskingsinstitusjonane.

## 2.1 Styrke og utvikle de organisatoriske enhetene i Norgesbiblioteket

**Tiltak:** *Etablere sterkere og mer kompetente folkebibliotek gjennom en konsolideringsprosess som omfatter bibliotekene i flere kommuner.*

**Kommentar:**

Føremålet med ein konsolideringsprosess er ei styrking av folkebiblioteka. Dette er eit føremål UB støttar. Ein gjennomgang av organiseringa av folkebiblioteka kan vera nødvendig. Men samanslåing treng ikkje vera einaste løysing. Temaet ligg nær den generelle politiske debatten om større norske regionar og kommunar og bør difor også drøftast i den samanhengen.

**Tiltak:** *Iverksette et program for skolebibliotekutvikling*

**Kommentar:**

Som universitetsbibliotek erfarer vi manglande informasjonskompetanse hjå studentar som kjem frå vidaregåande skule. UB støttar forslaget om at skulebiblioteka skal styrkjast. Kompetente skulebibliotek må vera ein del av den pedagogiske verksemda på skulane, og er heilt nødvendige for å oppnå måla med Kunnskapsløftet.

## 2.3 Utvikle et brukerorientert og samarbeidende Norgesbibliotek

**Tiltak:** *Etablere en transportordning for distribusjon av materiale mellom bibliotek i Norge.*

**Kommentar:**

UB gjev si tilslutning til tiltaket. Ei effektivt og rimeleg transportordning er ein av føresetnadane for eit velfungerande Norgesbibliotek.

**Tiltak:** *Endre dagens biblioteklovgivning for å sikre samarbeidet i et nasjonalt biblioteknettverk.*

**Kommentar:**

I utgreiinga heiter det: "Formålet med en endret biblioteklov må være å sikre alle sømløs tilgang til landets samlede bibliotekressurser." (Del II, s 238.) UB er samd i at samarbeidet på tvers av bibliotektypar er ein føresetnad for realiseringa av eit saumlaust bibliotektilbod, og meiner at vi langt på veg har eit slikt samarbeid i dag. Samarbeidet er basert på frivillig deltaking, og dette sikrar, etter vår meining, at heile folket i praksis har tilgang til alle bibliotekressursane i landet.

Løyvingar til fag- og forskingsbibliotek går i dag via eigarinstitusjonane. Dette gjer at desse biblioteka må prioritera primærbrukarane sine, samstundes som dei likevel yter tenester til

ålmenta og stiller sine ressursar til disposisjon for heile folket. UB meiner derfor at realiseringa av Norgesbiblioteket ikkje er avhengig av ei felles biblioteklov, men at det frivillige samarbeidet alt i dag fungerer som ein slik saumlaus tilgang.

Før vi kan uttala oss meir om ei felles biblioteklov, må vi sjå konkret kva ei slik lov vil innehalda. Ikkje minst må forholda rundt nye medium utgreiast fordi dette har store konsekvensar for UH-biblioteka. Ei felles biblioteklov må også sjåast i samanheng med og ikkje koma i konflikt med anna lovverk som biblioteka i UH-sektoren er underlagt.

**Tiltak:** *Styrke krav til skulebibliotektenester i forskriften til opplæringsloven*

**Kommentar:**

I universitets- og høgskulesektoren er det NOKUT som stiller krav til eit velfungerande institusjonsbibliotek. UB støttar at det blir stilt tilsvarende krav til skulebibliotektenester i for eksempel forskrifta til opplæringslova.

## **2.4 Utvikle redskaper og metoder til evaluering og kvalitetsheving av virksomheten i bibliotekene**

UB støttar tiltak for utvikling av reiskapar og metodar for evaluering og kvalitetsheving av biblioteka og bibliotektenestene. Det er nødvendig for vidare utvikling at biblioteksektoren har eit godt dokumentasjons- og informasjonsgrunnlag til støtte for lokalt, nasjonalt og internasjonalt utviklingsarbeid.

Som utgreiinga peikar på, skal befolkninga ha tilgang til bibliotek med brei og riktig fordelt kompetanse, og UB støttar derfor etablering av eit kompetanseutviklingsprogram samt eit hospiteringsprogram for bibliotektilsette.

## **3.2 Støtte faglig utvikling og kunnskapsdeling på tvers av og innenfor de ulike bibliotekfaglige områdene, og som ABM-samarbeid**

For å nå dei samla måla som er nemnde under dette punktet i utgreiinga, vil UB særleg peika på at det er nødvendig at bibliotekforskning blir eit breitt satsingsområde innafor Noregs forskingsråd.

  
Kari Gårnes  
bibliotekdirektør